



Kartverket

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:

Vår ref. 15208596

Dato:

Sak/dok.: 19/55580-1

08.11.2019

Ark.: 346

## Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

### Saka gjeld gnr. 16 bnr. 1 og 13 i knr. 1256 Meland kommune

Vi har vurdert melding om arealoverføring med tilhøyrande erklæring samt erklæring om unntak frå konsesjonsplikta de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

#### Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

I følgje matrikelova § 15 og matrikkelforskrifta § 33 må arealet som skal bli overført vere utan hefte.

På gnr. 16 bnr. 1 er det tinglyst ein erklæring frå 1921 med dokumentnummer 9000116, vi ber her om ein utgreiing frå kommunen om dette. I tillegg er det ein kjøpekontrakt med de i kommunen som rettshavar, denne retten må anten fråfalle sin rett i arealet som skal bli overført, den må bli sletta eller de må erklære at den ikkje rører arealet som skal bli overført.

#### De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglygingslova § 7 og § 9.

#### Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre [www.tinglysing.no](http://www.tinglysing.no) og [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no).  
Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 17.

Venleg helsing

Hedvig Fredriksen  
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.